

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
Norge

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
+47 95 94 74 37

Vår dato
12.01.2021
Dykkar dato

Vår referanse
20/00892-6
Dykkar referanse

Jordbruksforhandlingane 2021 - Innspel til Vestland Fylkeskommune

Syner til innbyding frå Vestland fylkeskommune om å kome med våre prioriteringar i førekant av politisk handsaming av innspel til jordbruksforhandlingane 2021. Jamfør møte i Partnerskapen den 4. desember 2020 der fylkesleiar Anders Felde presenterte dei tre viktigaste prioriteringane for Vestland Bondelag ved jordbruksoppgjeret 2021.

- Investeringspakke på mjølk
- Struktur og produksjonsfordeling – Ta heile landet i bruk
- Klima og Miljøutfordringane

Først vil vi seie at Vestland Fylkeskommune sine innspel til jordbruksforhandlingane i 2020 inneheld mange gode punkt. Vi er glade for at Vestland Fylkeskommune tek ei aktiv rolle på vegne av landbruket i fylket. Slik kan vi saman utvikle verdiskapinga frå jord og skog i fylket. I landbrukspolitikken er nasjonale føringar som tek omsyn til ulike driftsvilkår ulike stader i landet viktig.

Det skjer stadig endringar i marknadssituasjonen og politiske rammevilkår som medfører trong for forsterking av nokon verkemiddel i høve til andre. Jamfør det vi har sett det siste året med pandemi og stengte grenser. Det har gjeve ein stor auka marknad for norske landbruksprodukt. Når det gjeld til dømes mjølkeproduksjonen var det ein situasjon ved inngangen til 2020 der kvar einskild bonde hadde utsikter til å måtte produsere mindre enn kvoten sin. Ved inngangen til 2021 har kvar bonde høve til å produsere 7 % meir enn kvoten tilseier det komande året. Dette skuldast først og fremst anna meny når mange menneske er på heimekontor og redusert grensehandel.

Vi gjer elles merksam på at dette innspelet kjem tidleg i prosessen før oppgjeret. Fylkesleddet av Norges Bondelag har frist til midten av mars med å levere vårt innspel til eigen organisasjon.


Vestland vil vere eit stort landbruksfylke der verdiskapinga først og fremst er knytt til grasproduksjon og husdyrhald, men der produksjon av frukt, bær og grønsaker også er vesentleg.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57837080
Besøksadresse Bergen 5257 KOKSTAD
Bankkonto: 8101.05.12891, **Org.nr.:** 985063001 MVA
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

Norges Bondelag

Bankkonto: 8101.05. 91392
Org.nr: 939678670



Verdiskaping i landbruket i Vestland – kjelde Nibio rapport 174/2018.

Jordbruksoppgjæret og produksjonsåret 2020

Grunna koronasituasjonen vart det gjennomført eit forenkla oppgjær i 2020 der det ikkje var grunnlag for å kome med nye ordningar. Grovforproduksjonane var ikkje prioritert i oppgjæret 2020. Oppgjæret gav ei styrking av kornøkonomien, og et naudsynt styrking av målprisen for gris. Satsinga på frukt, bær og grønsaker held fram med ei større nasjonal ramme til investeringar. Der er det først til mølla som gjeld. Noko av satsinga på grønt kjem gjennom ei omfordeling av investeringsverkemidlar frå husdyr og andre næringar til grønt.

I tillegg vart også distriktstilskot og pris betra. På den positive sida for husdyrproduzentane kjem ei uventa marknadsending skapt av koronapandemien. Stengte grenser til Sverige og mange menneske på heimekontor har gjeve eit auka forbruk av til dømes norske mjølkeprodukt og ost. Noko som har gjeve auka produksjonsmoglegheiter for kvar einskild mjølkeproducent. Samstundes har ein betre balanse i marknaden for fleire av kjøtslaga gjeve ein betre pris til produsenten.

Nokon politiske vedtak som grunnlag for prioriteringane

- All norsk mjølkeproduksjon skal skje i lausdrift frå 2034. I Vestland er berre om lag 50 % av volumet lagt om til lausdrift så langt. Dersom vi skal halde oppe verdiskaping og bruk av dyrka jorda i vårt område, so må vi no lukkast med å gjere noko for dei mindre bruka når det gjeld overgangen frå bås til lausdrift.
- Satsing på innovasjon og vekst innan grøntproduksjon. Dette er eit positivt tiltak der også produsentar i Vestland må utfordre seg sjølv og tenke nytt når det gjeld sortar som kan produserast på areal eigna for frukt, bær og grønsaker i Vestland. Grøntproduzentane i Vestland må vere offensive og ta sin del av veksten som er venta innan sortar med marknadspotensiale.
- Den heilt ferske Meld.St.13 (2020-2021)-Klimaplan for 2021-2030, samt regjeringa si intensjonsavtale mellom jordbruket og regjeringa om reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket for perioden 2021-2030.
- Politisk plattform for Vestland fylkeskommune. Vi har merka oss punktet som seier at Fylkeskommunen skal ta ei aktiv rolle i å utvikle jordbruket. Innovasjon Norge skal nytta verkemiddela til å byggje vidare på særtekkja ved vestlandsjordbruket som mjølk, kjøt, frukt, bær og grønsaker. Vi ser også at det skal vere fokus på kortreist mat til folket og kortreist fôr til dyra samt eit sterkt fokus på beitebruken. Vi er også glade for at dette skal skje i samarbeid med landbruket sjølv.

Prioriteringar i 2021

Investeringspakke i mjølkeproduksjonen

- Auke potten betydeleg
I dag brukar vi kring 250 millionar på tilskot til investeringar i mjølkeproduksjonen totalt i landet.
 - Det vil vere trong for ei ekstra årleg løyving på 250 millionar kroner øyremarka til investeringa i mjølkeproduksjonen. Dette er avgjerande skal ein klare omstillinga frå bås fjøs til lausdrift innan fristen som Stortinget har sett. Dei ekstra midlane må fordelast slik at dei fylka med størst volum og tal produsentar i bås fjøs får størst del av den ekstra løyvinga. Det vert naturleg sidan den ekstra satsinga skal nyttast til å bygge om fjøs frå bås fjøs til lausdrift.
 - Få på plass større regionalt handlingsrom for partnerskapen
 - Auke maksimalt tilskotsbeløp pr. prosjekt (tak) og auke prosent tilskot (Viktig for mindre prosjekt)

I oversikta over nasjonale føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) blir det peika på at det innan den delen som går til mjølkebruk vil vere særskilt trong for å prioritere fornying av bruk med 15-30 kyr.

Det HASTAR med sterkare stimulerande tiltak då svært mange må sjå seg sjølve og garden som ein del av framtida FØR nye krav til dyrevelferd vert gjeldande frå 2024.

Det hastar meir for mjølkebruka i Vestland enn for andre deler av landet der meir mjølk allereie vert produsert i lausdrift. 77 mjølkeprodusentar ville selje kvoten sin i den ekstraordinære utkjøpsordninga i 2020. Dei ser seg ikkje som mjølkeprodusentar inn i framtida. Vi må gjere grep som får fleire mjølkeprodusentar i Vestland til å sjå på seg sjølve som ein del av framtida.

Endelige tall for det ekstraordinære salget av melkekvoter 2020, 22. september 2020

Produksjonsregion	Avsatt mengde	Antall selgere	Innvilget salg til staten	Antall på venteliste
Tidligere Østfold og Vestfold fylke	1 335 400	13	1 832 185	6
Oslo og tidligere Akershus fylke	750 474	7	831 712	6
Tidligere Hedmark fylke	2 300 691	23	1 910 657	
Tidligere Oppland fylke	4 468 140	54	3 274 675	
Tidligere Buskerud fylke	876 780	11	929 399	3
Tidligere Telemark fylke	366 344	6	453 269	3
Agder	1 256 136	19	1 727 304	14
Rogaland	7 139 073	66	5 422 283	
Vestland	4 892 498	77	4 920 657	49
Møre og Romsdal	3 667 115	46	3 698 173	4
Trøndelag	8 687 139	77	7 014 508	
Nordland	2 779 210	25	2 024 179	
Tidligere Troms fylke	915 551	10	983 088	6
Tidligere Finnmark fylke	565 447	2	175 519	
Totalt	40 000 000	436	35 197 608	91

Lausdriftsfjøs er framtida i mjølkeproduksjon og anna storfehold. Det ville det nok vore utan kravet og då det stort sett er slike fjøs som vert bygd over heile verda. Men kravet medfører eit stort investeringsbehov i næringa. Utfordringa i produksjonen er at prisen på mjølka ikkje har

følgd den generelle prisveksten. Sjølv om ein lenge har fått tilskot for å bygge fjøs er kostnadane så store at dei fleste som bygger lyt utvide produksjonsvolumet for å kunne forsvare investeringa. Dette har ført til ei stor strukturendring i mjølkeproduksjonen der dei som allereie er i lausdrift har ein mykje større snittstorleik enn resten. Mjølkeproduksjonen er styrt av kvotar og snittkvoten i Vestland er 150 000 liter per bruk. Av desse er det 770 bås fjøs (70%) og 332 (30%) lausdriftsfjøs. Sjølv om berre 30 % av fjøsa er lausdriftsfjøs produserer desse 56% av mjølka. Snittkvoten for bås fjøsa i Vestland er i dag om lag 94 000 liter.

Mange av bøndene med små bruk finn ikkje økonomi i å bygge ut, sjølv med stor eigeninnsats og inntekt utanom bruket. Dette skuldast og at mange av dei som sit att i bås fjøs ligg til at dei ikkje har naturlege utvidingsmoglegheiter. Det vert rett og slett for langt å hente det ekstra føret og køyre den ekstra møkka til at det svarer seg. Dei får stordriftsulemper, ikkje fordelar.

Skal vi få flest mogleg av dei 770 produsentane, som i dag produserer mjølka i bås fjøs, med oss vidare, må det skje ei målretta økonomisk styrking som sikrar utbyggingar der arealgrunnlaget ligg. Det vil seie ei utbygging med slik økonomi at det ikkje vert trong for å auke volumet vesentleg i høve til dagens produksjon på bruka. Tabellane nedanfor saman med tabellen for verdiskaping frå landbruket i Vestland syner kvifor særskilde tiltak for denne gruppa er så viktig.

Nøkkeltal

	Totalt 2020	Totalt 2019
Tal mjølkefjøs	1113	1186
Bås fjøs	770	846
Lausdriftsfjøs	332	328
Robotfjøs	232	220
Prosent lausdriftsmølk av volum	56	52
Prosent lausdriftsfjøs (tal fjøs)	29,8	27,6

Nøkkeltal kumjølkk Vestland. Kjelde: Tine

Struktur og geografi

- Prioritere styrking av økonomien på mindre og mellomstore driftseiningar i distrikta med grovforbasert produksjon.
 - Innføre tak og trappetrinn på fleire av tilskotsordningane
 - Prioritere utmarksbeite tilskot for småfe og løfte økonomien på det gjennomsnittlege sauebruket ved å styrke husdyrtilskotet på bruk med under 100 vinterfora sau.
 - Løfte økonomien i ammeku i arealsone 5-7 med eit strukturtilskot som vert målretta i høve mindre bruk.
 - Løfte distriktstilskotet på mjølkk og kjøtt – geografiske verkemiddel som støttar opp under område med dårlegare føresetnader for utvikling enn dei beste områda i landet der det er mogleg med mange ulike produksjonar.
- Innføre tak på tilskot innan dei ulike produksjonane

Teknologisk utvikling og nærleik til marknaden er sterke drivarar som går i disfavour små, bratte og våte gardar på Vestlandet. Budsjettpengar i jordbruksoppgjeret skal blant anna gå til å «oppvege» dette. Økonomisk styrking av verkemiddel som tek omsyn til små og mellomstore bruk innan alle produksjonar, samt geografisk innretta verkemiddel som er målretta i distrikta vil vere den viktigaste prioriteringa. Det vil vere viktig å målrette bruken av budsjettmidlane meir mot distrikt og struktur.

Om ein meiner alvor med at heile landet skal takast i bruk, må ein målrette verkemidlande betre slik at ledig areal i distrikta kan nyttast til produksjon av storfekjøtt/lammekjøtt og frukt/bær/grønsaker. Då vil geografisk målretta verkemiddel vere viktige. Det er i deler av sortane innan grøntnæringa, til dømes jordbær og nokon grønnsaker, at det er auka marknadsmoglegheiter i dag. Marknadsbalansen er monaleg betre no enn før koronautbrotet, så står det att og sjå korleis marknaden utviklar seg ved ei normalisering av møteverksemd og reisemønster i samfunnet.

Klimatiltak

Bondeorganisasjonane og regjeringa har signert ei intensjonsavtale om reduksjon av klimagassar og auka opptak av karbon i jordbruket. Partane forpliktar seg til å redusere jordbruket sitt samla klimagassutslepp med 5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar frå 2021-2030. Partane er samde om at aktuelle verkemidlar for å følge opp avtalen skal vurderast i samband med dei ordinære prosessane for statsbudsjettet og for jordbruksforhandlingane.

- Auke potten i Regionalt Miljøprogram (RMP) knytt til klimatiltak. Til dømes vesentleg auke i tilskotet pr. dekar til grøfting. Dette fordi det er stor trong for grøfting, samstundes som det er eit svært godt klimatiltak i Vestland. Dette kan vere ei ordning der fylkeskommunen kan få eit større ansvar, då det er svært store skilnader med kostnader til grøfting i Vestland sett i høve til kostnad pr. dekar i område med betre arrondering og jordsmonn. Det kan vere ei løysing å flytte tilskot til grøfting over til det Regionale Miljøprogrammet (RMP) for å kunne ha regional styring. Dette føreset at det føl med ein vesentleg auka pengesum til ordninga.
- Gratis klimarådgeving på gardsnivå gjennom RMP
- Betre støtteordningar til nye gjødsellager inkl. tak
- Støtteordningar som fører til auka grovformengde og kvalitet
- Få fortgang i kartlegginga av jordsmonn i Vestland som grunnlag for målretta tiltak og reduserte utslepp. I dag finst det jordsmonnkart for kring 2 % av arealet i Hordaland og kring 6 % av arealet i Sogn og Fjordane.
- Fondsordning. Ordningar som kan stimulere til reduserte utslepp frå landbruket samstundes som produksjonen vert oppretthalden og helst auka
- ENOVA – Utvikle målretta tilskotsordningar i tråd med landbruksnæringa sine behov og moglegheiter. Målretta inn mot å få ned uynskte utslepp. Det kan vere ei vidare utvikling av eksisterande ordningar som Enova tilbyr til næringslivet i dag.

Vi ynskjer eit samarbeid med Vestland fylkeskommune der vi gjennom tett dialog og gode diskusjonar kan kome fram til stor grad av semje om vegen og prioriteringane. Det vil vere viktig for utviklinga av landbruket i Vestland. Landbruket i Vestland er i større grad avhengig av politiske verkemiddel og tiltak for å kunne utvikle seg, enn landbruk i dei betre arronderede områda i landet. Vi ser fram til godt samarbeid med administrasjonen og politikarane i Vestland framover i arbeidet med å utvikle verktøy som kan styrke vestlandsbonden si konkurransekraft.

Lukke til med vidare handsaming av dykkar innspel til jordbruksoppgjeret 2021.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anders Felde